

## REGULERINGSFØRESEGNER.

§ 1. Det regulerte området er vist med plangrense på reguleringskart, datsett oktober 1980, merka E. Borgund.

§ 2. Arealet innanfor plangrensa er regulert til:

- (1) Byggeområde - hytter
- (2) Landbruksområde - jordbruk - skogbruk
- (3) Trafikkområde - køyreveg - gangveg
- (4) Spesialområde - naust/båtopplagsplass
- (5) Fellesområde - friareal - parkeringsplass

§ 3. Byggeområde:

I byggeområde kan det berre førast opp hytter og naust. Oppføring av frittliggjande uthus er ikkje tillate.

Hytteplasseringane er markert i terrenget med ein pel, og den einskilde hytte skal plasserast slik at pelen fell innanfor grunnmauren.

Før gjennomføring av planen skal pelen for den einskilde hytte vera koordinatbestemt.

Hyttene skal førast opp berre i 1 etasje og med grunnflate på maks. 90 m<sup>2</sup>. Takvinkelen skal avgjerast av bygningsrådet.

§ 4. Spesialområde:

Grupper av naust kan berre førast opp i områder som er vist som naust og båtopplagsplass. Før bygging skal det liggja føre situasjonsplan som viser utnytting og detaljløysing for det einskilde område.

§ 5. Felles føresegner:

Ved handsaminga av byggesakene skal bygningsrådet sjå til at bygningane får ei god form og at det vert brukt kvalitetsmessig gode materialer.

Der serlege grunnar talar for det kan bygningsrådet innanfor ramma av bygningslova gjera mindre vesentlege unntak frå plan- og reguleringsføresegnene.

# Utskrift av møteboka

for RADØY KOMMUNESTYRE

i møte den 29.4.1982

Av

medlemer var

til stades (møtende varamenn medrekna).

## 41/82. REGULERINGSPLAN FOR ROSSNESSET

I generalplanen for Radøy er Rossnes lagt ut som hytteområde, men det er ein føresetnad at det vert utarbeidd detaljplan før utbygging kan skje. Denne planen vert no fremja som reguleringsplan og må handsamast etter føresegnene i bygningslova.

Planen omfattar 350 da. Av dette er 130 da tidlegare disponert til fritidsbusetnad delt på 40 hytter. Planen gjev plass til 30 nye hytter med tomtestorleik 1 - 2 da.

Planen har vore lyst ut til offentleg ettersyn, og det kom då inn fråsegner frå fiskerinevnda, samferdslestyret, friluftsnemnda, Truls Kjerland, fylkesfriluftsnemnda, Hordaland vegkontor, fylkeslandbrukskontoret, og fylkesrådmannen v/plan- og utbyggingsavdelinga.

Bygningsrådet drøfta framlegget til reguleringsplan og dei innkomne merknadane i møte den 2.3.1982. Dei fann det då rett å ta omsyn til følgjande:

1. Det vert nye avkjørsler berre frå felles parkeringsplassar. Parkeringsplassane er vist på reguleringsplanen. Reguleringskartet vert oppretta slik det går fram av skrivet frå plan- og utbyggingsavdelinga. Før utbygging av den einskilde parkeringsplass må det leggjast fram kart med profiler i målestokk 1:1000. Jfr. skriv frå Hordaland Vegkontor av 15.1.1982.
2. Gangvegane vert viste berre med streksymbol.
3. Planføresetnaden punkt 2.3 får følgjande tillegg:  
Bygningsrådet kan nekta naust, kai o.l. dersom strandlina vert "punkttert" på slik måte at den vesentleg endrar heilskapsinntrykket for området.
4. Sameiget for garden Villanger med tidlegare område vert regulert som jordbruksområde.

Med desse endringane rådde bygningsrådet kommunestyret til å vedta framlegget til reguleringsplan for Rossneset hytteområde.

### Kontorsjefens framlegg til vedtak:

Framlegget til reguleringsplan med reguleringsføresegner for Rossneset hytteområde, gnr. 17, bnr. 1 m.fl. og gnr. 18, bnr. 15, vert godkjent i samsvar med tilrådinga frå bygningsrådet.

- Vedtaket vert gjort etter § 27 i bygningslova og brev frå fylkesmannen av 8.2.1980 om kommunal godkjemning av reguleringsplanar.

sak nr 41 /82.

Reguleringsplan for Rossneset ..... framhald


Formannskapetstilråding:

Formannskapet rådde samrøystes kommunestyret til å vedta  
kontorsjefens framlegg til vedtak.

Vedtak: Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapetstilrådinga.

Rett utskrift.

Radøy forzannskapskontor, 4.5.1982

  
Borghild Baug  
e.f.